

# Generelle avtalevilkår

For renovasjonstenester utført i regi av SUM Næring AS for næringsverksemd.

## 1. Generelt

Følgjande vilkår regulerer, supplerer og vert sett på som ein del av samtlige avtaler om tømning og handsaming av avfall inngått mellom SUM Næring AS og den enkelte kunde. Avtalepartar er SUM Næring AS og den som er registrert som kunde hjå SUM Næring AS.

Avtalevilkåra som kjem fram av dette dokument er gjeldande frå 1. juli 2023. Vidare omtale av SUM Næring AS i dokumentet er «SUM».

De har/får utlevert næringsdunkar hjå SUM på Einestølen. Dunkane kan leverast ut via bestilling i tråd med prislister.

## 2. Avfallshandtering i tråd med forskrift

SUM forpliktar seg til å utføre sine tenester i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og i tråd med dei vilkår som går fram av denne avtalen. SUM tek over disposisjonsretten for det innsamla avfallet og handsamar dette i tråd med gjeldande lover og forskrifter.

## 3. Rådgjeving

SUM kan bistå kundar med optimale avfallsløysingar og utarbeiding av avfallsplanar.

## 4. Henting av avfall

Dunk vert tømd på ordinær rute jf. [renovasjonskalender](#).

Kunden har ansvar for å sørge for at det kun er den typen avfall som på førehand er avtalt som vert levert. Avfallet skal ikkje innehalde farleg avfall, flytande avfall, el-avfall og liknande. Regelverket for innhald og tømning av dunkar er det same som for ordinært abonnement for hushald.

SUM vil tilstrebe å utføre oppdrag til avtalt tid. Dersom dette likevel ikkje let seg gjere skal SUM så langt det er praktisk mogleg varsle kunden og avtale nytt tidspunkt for utføring av oppdrag. SUM fråskriv seg imidlertid eit kvart ansvar for mogleg tap/krav som følgje av manglande henting/utføring av oppdrag.

## 5. Overfylt utstyr og forsøpling

Dunkar skal nyttast i tråd med intensjonen og må ikkje fyllast opp meir enn den er laga for. Dunkar som er overfylte vert ikkje tømde. Lokket skal gå heilt igjen før tømning. Dunkane skal være sett fram før kl. 07:00 ved kvar tømmedag. Kunden har sjølv ansvar for å halde eigedomen, fortau og gate fri for avfall, herunder også ansvar for uvedkommande ureining.

## 6. Plassering og bruk av utstyr

Kunden er sjølv ansvarleg for at staden dunken vert plassert på, er eigna. Leigd/utlånt utstyr er SUM sin eigedom og skal kun nyttast i tråd med intensjon/avtale. Kunde må gje SUM varsel ved tap eller skade på utstyret. Reparasjon eller byte av utstyr med feil eller skader vert belasta kunden dersom det ikkje kan påvisast at SUM kan haldast ansvarleg for skaden/feilen. Oppsamlingsutstyr som forsvinn frå utplasseringsstaden vert erstatta i sin heilskap av kunden.

## 7. Prisar og føresetnader

Standard prislister frå SUM er til ei kvar tid gjeldande. Prisane er eks. mva.

Kunde vert belasta for tømning av samtlege dunkar som er meldt inn på hentestaden. Basert på tal dunkar og dunkvolum vert kunde fakturert pr. halvår.

Vi tek atterhald om justering av prisane som følgje av statlege avgiftsendringar og handsamingskostnader. Prisar vert justert etter SSB sin konsumprisindeks og transportindeks. Dersom det i avtaleperioden skjer endringar i lover, forskrifter eller andre type reguleringar bestemt av mynde som påverkar SUM si forretningsdrift, forbehold SUM seg retten til å justere prisar på det aktuelle reguleringstidspunktet for å kompensere for slike endringar. Prisendringar som kjem i tillegg til årleg prisregulering, vert varsla av SUM med minimum 45 dagars skriftleg varsel. Alle priser er eks. mva.

Ekstra kostnader som oppstår under utføring av tenesta vil bli belasta kunden i tråd med gjeldande satsar. Slik tilleggsfakturering skal gå fram på separat varelinje på faktura.

Prisar og hentetidspunkt er basert på at SUM overheld dei til ei kvar tid gjeldande reglar, lover og forskrifter samt tariffavtalar relevante for det personale og utstyr SUM nyttar. Kunden kan ikkje krevje at SUM bryt relevante reglar for å tilfredsstille kunden sine behov.

## 8. Betalingsvilkår

Fakturering skjer halvårleg (per i dag februar og august) med forfall per 14 dagar. Skjer ikkje betaling i rett tid, har SUM rett til å krevje renter i høve til forseinkingsrentelova, frå forfallsdag på fakturaen. I tillegg har SUM rett til å krevje purregebyr samt alle utgifter til betalingsinnkrevjing, dekkja. SUM har rett til å sette i verk inkassoprosess utan ytterlegare varsel dersom uteståande ikkje er betalt innan 14 dagar etter puring.

Ved manglande betaling kan SUM stoppe tømninga av avfallet, og har rett til å oppheve avtalen og inndra utstyret.

## 9. Kunden sine plikter

Dunkane er SUM sin eigedom og skal difor kontaktast ved skade på dunk. Kunde er ansvarleg for reinhald av dunkane.

Kunde er ansvarleg for at det er tilstrekkeleg tilkomst til dunkane:

- Snørydding og fjerning av snø og is til hentestad
- Sikre at sykklar og liknande gjenstandar ikkje hindrar tømning

## 10. Misleghald

Avtalen kan seiast opp ved vesentleg misleghald. Døme på misleghald hjå brukar er stadige tilfelle av manglande opprydding, eller gjentakande tilfelle av avvik ved kjeldesorteringa.

Ved betalingsmisleghald frå kjøpar si side kan SUM etter fritt val stoppe ei kvar gåande yting til kjøpar i høve til denne og andre avtalar mellom partane. SUM er ikkje ansvarleg for tapt fortенeste, indirekte tap og andre følgjetap på kunden si hand. SUM har ikkje ansvar eller risiko for forseinka levering når dette skuldast høver utanfor selskapet sin kontroll.

Dersom kunden meiner at det føreligg manglar ved oppdraget si utføring, pliktar kunden å reklamere skriftleg til SUM innan 10 dagar frå motteke faktura. Reklamasjonar som ikkje er motteke av SUM innan 10 dagar, vert å sjå på som for seint sett fram og vil bli avvist.

Det økonomiske ansvaret til SUM overfor kunden er i alle tilfelle avgrensa opp til verdien av det enkelte oppdrag.

## 11. Endringar og oppseiing

For næringsabonnement vert endring eller oppseiing gjort gjeldande frå den første dagen i månaden endringa vert bestilt og utført. Kunden må betale for utføring av endringane etter til ei kvar tid gjeldande prisliste.

Endringar i avtalen skal førast i ein endringsprotokoll.

Endringar som ikkje inneber vesentleg ulempe for kunden kan varslast gjennom informasjon på SUM sine nettsider. Informasjon om endring skal gå fram på ein tydeleg måte. Dersom kunden sitt samtykke er naudsynt for å gjennomføre endringar skal samtykke sjåast på som gjeve ved kunden si innbetaling av faktura etter varslingsperioden sitt utløp. Dersom kunden ikkje samtykker, har SUM rett til å sei opp avtalen med 45 dagars varsel.

Avtalen gjeld frå signeringstidspunkt og fram til ein av partane seier den opp. Avtalen er ikkje tidsavgrensa og kan seiast opp med omgåande verknad.

Partane har rett til å sei opp avtalen med omgåande verknad dersom:

- den andre part let vere å betale, innleiar akkordforhandlingar eller vert begjert konkurs, eller erkjenner seg betalingsudyktig eller insolvens
- leigd utstyr vanskøytast
- den andre part gjer seg skuldig i avtalebrot og ikkje innan 14 dagar etter at det er skriftleg oppmoda om retting, har gjort naudsynte endringar

Ved heving av avtalen har SUM rett til å krevje erstatning for kostnader som er kome i samband med brot på avtalen, relatert for eksempel til innhenting av materiale, reparasjonar og liknande.

## **12. Overdraging**

Kunden kan ikkje overføre rettar eller forpliktingar etter denne avtalen til andre utan SUM sitt forutgåande samtykke.

## **13. Bruk av underleverandør**

SUM har rett til å nytte underleverandørar ved utføring av arbeid i tråd med avtalen. Desse skal følgje dei same prosedyrar og retningslinjer som går fram av avtalen. Kunden skal rette seg direkte til SUM og ikkje til underleverandøren.

## **14. Handsaming av personopplysningar**

Personopplysningar som vert gjeve til SUM vert handsama i tråd med gjeldande lover for personvern, og SUM sine eigne retningslinjer. Opplysningane vil i hovudsak nyttast for å planlegge, gjennomføre og følgje opp leveranse av tenester, og kan i samband med dette også verte nytta av SUM sine underleverandørar.

Informasjon kan ved hjelp av opplysningane i SUM sitt kunderegister sendast til kunden.

Personopplysningar vert lagra i den tidsperiode det er aktuelt. Det vil seie så lenge kunden har eit kundeforhold med SUM, og i ein tidsperiode etter avslutta kundeforhold slik at kunden kan utnytte fordelane ved å vere kunde av SUM.